

Norsk kulturskoleråd

Vestland

Styremøte nummer 04

1.10.2020

Nett



Drømmestipendvinnarar 2020:

Bjørnafjorden, musikk, klarinett: Kamilla Steinkjer Bentzen

Årdal, musikk, song: Beatrice Juskaite

Solund, musikk, trompet: Jothika Sivapalan



NORSK KULTURSKOLERÅD
VESTLAND

Sakskart

| | |
|---|----|
| Sakskart | 2 |
| 2020.01 Godkjenning av innkalling og sakliste | 3 |
| 2020.02 Godkjenning av protokoll | 4 |
| 2020.03 Rådgjevar sin rapport | 5 |
| 2020.04 Økonomi | 8 |
| 2020.05 Strategi/politisk dagsorden | 10 |
| 2020.06 Eventuelt | 11 |
| 2020.07 Verksemdsplan | 12 |

2020.01 Godkjenning av innkalling og sakliste

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Saksordfører: | Astrid Byrknes |
| Sakshandsamar: | Kristin Geiring |

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste godkjend.

2020.02 Godkjenning av protokoll

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Saksordfører: | Astrid Byrknes |
| Sakshandsamar: | Kristin Geiring |

Framlegg til vedtak:

Protokoll godkjend.

Saksutgreiing:

Protokoll frå styremøtet 27.08 2020 er i mail godkjend av dei som tok del.

Vedlegg/lenker:

[Protokoll](#)

2020.03 Rådgjevar sin rapport

| | |
|-----------------------|------------------------|
| Saksdokument: | Innkalling og sakliste |
| Saksordførar: | rådgjevar |
| Sakshandsamar: | rådgjevar |

Framlegg til vedtak:

Styret tek rapporten til orientering.

Saksutgreiing:

Rådgjevar sin rapport for perioden 20.08.2020 – 24.09.2020 med henvising til [Verksemdsplanen](#) i protokollen frå Årsmøtet 2019:

1.1.1.1.5 Organisere møtepunkt med politikarar på kommune-, fylkes- og nasjonalt nivå:

1. I tråd med tiltak styret følgjer opp når det gjeld verksemdsplanen, har styremedlem på vegne av styret fulgt opp sak politisk.
2. AU møtte sentralstyret for Norsk kulturskoleråd i digitalt møte og tok opp saker meldt frå fylkesavdelinga i Vestland.
3. Jamfør vedtak på styremøte i august, har AU i mail bedt om møte med KS Vestland sitt styre og Kommunedirektørutvalget i Vestland. Dette vert på politisk nivå fulgt opp av styreleiar.

2.1.3.3.1 Arrangere «De unges festspilldag» i samarbeid med Festspillene i Bergen.

Arrangere «Dei nominerte er» som del av Drømmestipendnominasjonane.

Arbeide med Drømmestipendet:

1. Drømmestipendet :

Kommunane er i fellesmail frå Norsk kulturskoleråd bedt om å oppnevne kontaktperson for Drømmestipendet 2021. Ungdom 18-25 år som søker, vel kva for ein kommune som har gitt dei mest når det gjeld utvikling og henvender seg til den kommunen for å verte oppnevnt som søker til Drømmestipendet. Søkerperioden vert 1.10.2020 - 8.1.2021. Utdeling skjer i perioden 19.4 - 30.5.2021 i form av ein turné, der representant (ar) frå fylka tek del i eige fylke.

2. «Ungdommens musikkmeisterskap» (UMM) regionalt mesterskap i Bergen 2020, lø.7. og sø.8.11: Det har vore møte både nasjonalt og i fylket når det gjeld planlegging av UMM. Samarbeidsavtale for fylket er sendt nasjonal prosjektleiing. Norges Musikkorpsforbund Hordaland stiller med styret på avviklinga av arrangementet. Musikkpedagogene Norge, avd. Bergen stiller med lokaler på Langhaugen vgs. Bergen kulturskole har reservert Gimle. Kulturskolerådet i Vestland har sendt mail til rektorane og lærarane og oppfordra til å melde på fordjupingslevar. Det er og oppfordra til at lærarar som ynskjer kan ta del i avvikling av arrangementet frivillig eller som del av ledig tid i arbeidsplanen. Dette kan

styrke nettverk og kvalitetsutvikling innan fordjuping i Vestland både mellom lærarar, elevar og mellom elevar og lærarar. I planane er smittevern er ivaretatt på alle nivå.

3.1.1.1.1 Vere i dialog med kommunane for å kunne møte kulturskulane sine behov for auka kompetanse:

1. Leiar møter for rektorane:

Det har vore arrangert møte med hovudfokus på rekruttering og noke generell informasjon. Møteagenda var det same på tre møter, slik at rektorane etter ynskje fekk fleire val for deltaking. Møtenotat er sendt samtlege rektorar og lagt på Teams-kanalen «Norsk kulturskoleråd Vestland kulturskulerektorane», der alle rektorar er invitert inn.

2. Nettverk for dans, teater, skapande skriving, sirkus, visuell kunst:

På ynskje frå rektorkollegiet, er det utsend Forms-spørring for å få kontaktinformasjon til lærarar innan dans, teater, skapande skriving, sirkus og visuell kunst. Målet er å danne sjølvdrivne nettverk for desse faga, som vert initiert av møteinvitasjon frå rådgjevar og eit oppstartsmøte.

3. Det er under utarbeiding spørreskjema til rektorane i Forms.

4. «UDIR og GSI»- møte for rektorkollegiet med informasjon om nye spørsmål i GSI-skjemaet, vart utført 21. sep. med fylkesmannens nyttilsette representant.

3.1.1.3.1

Gje innspel til høyringar som er relevante for kulturskulen:

1. Vidare handsaming av [NOU 2019-23](#) vert gjort nasjonalt av politikarane, som får uttalen frå ekspertutvalet og høyringssvara.

2. Innspel til fylkeskommunen når det gjeld muskarordningane i Vestland, vert jobba med av dei som har fått oppdraget frå styret og rådgjevar er og involvert.

3.2.1.1.1 Arrangere konferansar og samlingar for medlemskommunane.

Vere pådrivar for god organisering av leiarnettverk, samt ev. studietur:

1. Møter i høve konferansen i form av webinar 16.10 kl.10.00-15.00 i samarbeid med Vestland fylkeskommune, KS Vestland, Sunnfjord kommune, Vestland idrettskrets, Norsk kulturforum Vestland. Frå kulturskolerådet er Torkel Øien og Ragnhild Skille, som har ansvar for arbeidet med inkludering, spurt om innlegg under tema «Kommune 3.0 – medborgarskap og meistring». Rådgjevar utarbeider no innlegget i samarbeid med dei to. Sjå gjerne <https://www.kulturskoleradet.no/nyheter/2020/august/informerer-departement-inkluderingsarbeid> og <https://www.kulturskoleradet.no/vi-tilbyr/program-og-prosjekt/kulturskolen-som-inkluderende-arena> for meir informasjon om inkluderingsarbeidet. Registrering for deltaking på konferansen: <https://vlfk.pameldingssystem.no/kulturkonferansen2020> .

3.3.1.1.1 Legge til rette for leiarutvikling for kulturskuleleiarar:

1. Det er lagt ned mykje tid på å rekruttere deltakarar til LAP 1 både i e-post til leiarar i kulturskulen, via postmottak til kommunalsjefane, med eige møte der studieansvarlege, prosjektleiar og tidlegare studentar frå kulturskulane i Stavanger og Karmøy representert ved rektorane tok del samt direkte oppringing frå rådgjevar. Tilbodet har god

subsidiering og får særst god omtale frå tidlegare deltakarar. Det er poengtert frå tidlegare deltakarar, at deltaking saman med kollegaer i kommunen er ein fordel. Fleire melde seg på slutten, og vi var nære på å nå det talet vi trong. Tilbodet er utsett til januar 2021 med ny frist for påmelding 18. desember. Dersom informasjonsarbeidet held fram, har vi von om nok påmelde då. Dette ut i frå dei siste signala frå rektorar og mellomleiarar som ynskjer å ta del og nokre få, som venter på løyve frå administrativ leiing i kommunen.

Anna informasjon:

Rådgjevar er anmoda om å vere representant for ein del tilsette, som er medlem i ulike fagorganisasjonar.

Det har i perioden vore faste tilsettemøter ukentleg og andre informasjonsmøter for rådgjevarane.

2020.04 Økonomi

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Saksordfører: | Astrid Byrknes |
| Sakshandsamar: | Kristin Geiring |

Framlegg til vedtak:

Styret tek rekneskapsrapporten til orientering.

Saksutgreiing:

Rapport vedlagt.

Norsk kulturskoleråd Vestland per 28.09.2020
Hele 2020

| NOK | Perioden, Januar - Desember | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|----------|-----------|---------|
| | Regnskap | Budsjett | Avvik | Endring |
| Salgsinntekter | 199 880 | 424 888 | - 225 008 | -53,0% |
| Andre inntekter | | | | |
| Sum driftsinntekter | 199 880 | 424 888 | - 225 008 | -53,0% |
| Bruttofortjeneste | 199 880 | 424 888 | - 225 008 | -53,0% |
| Lønnskostnad | 2 670 | 68 000 | - 65 330 | -96,1% |
| Arbeidsgiveravg. og pensjonsk. | 400 | 9 588 | - 9 188 | -95,8% |
| Sum personalkostnader | 3 070 | 77 588 | - 74 518 | -96,0% |
| Kostnader lokaler | 5 016 | 14 000 | - 8 984 | -64,2% |
| Leie maskiner, inventar o.l. | | 2 000 | - 2 000 | |
| Kostnadsførte anskaffelser | 1 585 | 7 500 | - 5 915 | -78,9% |
| Fremmede tjenester | 1 000 | 14 000 | - 13 000 | -92,9% |
| Kontorkostnad | 887 | 40 000 | - 39 113 | -97,8% |
| Telefon, porto o.l. | 2 281 | 2 000 | 281 | 14,0% |
| Kostnad og godtgjørelse for reiser | 33 149 | 67 000 | - 33 851 | -50,5% |
| Kontingenter og gaver | 928 | 3 000 | - 2 072 | -69,1% |
| Annen kostnad | 40 000 | 197 800 | - 157 800 | -79,8% |
| Tap og lignende | | | | |
| Sum driftskostnader | 84 847 | 347 300 | - 262 453 | -75,6% |
| Driftsresultat | 111 963 | | 111 963 | |
| Finansinntekter | | | | |
| Finanskostnader | | | | |
| Sum finans | | | | |
| Resultat før skatt | 111 963 | | 111 963 | |
| Årsresultat | 111 963 | | 111 963 | |

Overføringer og disponeringer alle år: 65 619

Driftstilskudd hele 2020 informert om 3.6.20: 279 761

Overført driftstilskudd per 3.6. for våren 2020: 139 880

2020.05 Strategi/politisk dagsorden

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Saksordfører: | Astrid Byrknes |
| Sakshandsamar: | Kristin Geiring |

Framlegg til vedtak:

- 5.1 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
- 5.2 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.
- 5.3 Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Saksutgreiing:

5.1 Landstinget 2020

Saksførebuing: [Sakskart Landstinget](#) sjå spesielt sak 5, 8 og 9.

5.2 Utgreiing av muskarordningane

Status utkast til innspel.

5.3 Status

Status for saker vert drøfta.

2020.06 Eventuelt

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Saksordfører: | Astrid Byrknes |
| Sakshandsamar: | Kristin Geiring |

2020.07 Verksemdsplan

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Saksordfører: | Astrid Byrknes |
| Sakshandsamar: | Kristin Geiring |

Framlegg til vedtak:

Tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Status for framdrift i høve prioriterte områder og styret si eigenevaluering.